

**>>> INFORMASJON FRÅ BYGLAND KOMMUNE <<<**

Med hjarta i Bygland

BYGLANDSNYTT**GOD PÅSKE!****SISTE NYTT FRÅ BYGLAND KOMMUNE****FASTEAKSJONEN 2025 - HÅP I
EIN DROPE VATN
AKSJONDAG PÅ BYGLAND 07.04.****LES MEIR - S. 5 <<<**

Frå 1.- 8.04. er det Fosterheimsveka 2025 landet rundt. Målet for markeringa er å rekruttere fleire som fosterforeldre, støttefamiliar og besøksheimar.

MERKETIDER APRIL 2025:

- Foredrag m/ Margit Dale: Om berekraft og det gamle matstellet, 03.04. kl. 18, Bgl. kulturscene
- Friluftslivets år: Heiekino ved Tangen, Jordalsbø; 19.04. frå kl. 19; Film: Step Brothers (s. 10)
- Oversikt gudstenester i påska 2025 (s. 11)

>>> LES MEIR - S. 12

Aksjonsdagane over heile landet i år er 06.-08. april 2025. Bygland har eigen aksjonsdag måndag 07.04. i regi av konfirmantene. Det blir ikkje bøssegang dørr til dørr i år.

**FOSTERHEIMSVEKA 2025 ER
1.- 8. APRIL**

Ordførar i Bygland kommune, Runar Granheim,
er på møtemaraton i Oslo for tida. Han beklager at han ikkje fekk tid til ei helsing i denne utgåva, men ønskjer alle ei riktig **GOD PÅSKE!**



OPNINGSTIDER BYGLAND KOMMUNE

BYGLAND KOMMUNEHUS



- Sentralbord/Publikumsmottaket: tlf. 37 93 47 00 mån-fre kl. 10.00-14.00
- NAV: tlf. 55 55 33 33 - mån-fre kl. 08.00-15.00
- NAV Bygland: drop-in på torsdagane kl. 12.00-14.00

KOMMUNEHUSET OG NAV ER STENGTE I PÅSKEVEKA.

NAV Midt-Agder informerar: Einaste drop-inn i påskeveka: måndag 14.04. kl. 12.00 -14.00 på Bykle

EVJE OG BYGLAND LEGESENTER



- Sentrale: tlf. 37 40 79 00 - **Legevakt tlf. 116 117**
telefontider måndag – fredag kl. 08.30 – 11.30 og kl. 13.00 – 15.00
- BYGLAND LEGEKONTOR, SENTRUM 18, 4745 BYGLAND
tysdag, torsdag og fredag kl. 08.00 - 15.00 - **STENGT 17./18.04. (påske)**
- EVJE LEGEKONTOR, LJSOSHEIMVEGEN 5, 4735 EVJE
mandag - fredag kl. 08.00 - 15.00

EVJE TANNLEGEKLIKK



- Tilbod om tannbehandling får du på Evje tannklinikk.
Evje tannklinikk: tlf. 37 93 01 95
Nils Heglands veg 40, 4735 Evje (2. etasje til venstre)



FOLKEBIBLIOTEK I BYGLAND



- Bbliotekar: Mari Rygg, tlf. 945 22 025
STENGT I PÅSKEVEKA (14.-21.04.) - GOD PÅSKE!

BIBLIOTEK PÅ BYGLAND, SENTRUM 16, 4745 BYGLAND

- måndagar kl. 10.00 - 14.00
- onsdagar kl. 10.00 - 16.30
- torsdagar kl. 14.30 - 17.30

**UTVIDA
OPNINGS-
TIDER!**



BIBLIOTEK PÅ BYGLANDSFJORD,
STASJONSOMRÅDE, 4741 BYGLANDSFJORD







- måndagar kl. 16.30 - 19.00
- tysdagar kl. 9.00 - 14.00





LEDIGE STILLINGAR I BYGLAND KOMMUNE



	<p>Bygland Kommune</p> <h3>Arkivleiar</h3> <p>Bygland Kommune</p> <p>Fast</p> <p>Webcruiter-ID: 4944248009</p>	<p>Bygland</p> <p>Publisert: 27.03.2025</p> <p>Søknadsfrist: 21.04.2025</p>
	<p>Bygland Kommune</p> <h3>Tilkallingsvikar - Heimehjelp</h3> <p>Praktisk bistand, Bygland Kommune</p> <p>Annet</p> <p>Webcruiter-ID: 4941600073</p>	<p>Bygland</p> <p>Publisert: 26.03.2025</p> <p>Søknadsfrist: Snarest</p>
	<p>Bygland Kommune</p> <h3>Sommarvikarar som Sjukepleier/vernepleiar - 2025</h3> <p>Sommarjobb for Sjukepleiere - Helse og omsorg, Bygland Kommune</p> <p>Sommerjobb</p> <p>Webcruiter-ID: 4944233441</p>	<p>Bygland</p> <p>Publisert: 26.03.2025</p> <p>Søknadsfrist: Snarest</p>
	<p>Bygland Kommune</p> <h3>Sommarjobb for ungdommar i Bygland</h3> <p>Frivilligsentralen, Bygland Kommune</p> <p>Sommerjobb</p> <p>Webcruiter-ID: 4942158740</p>	<p>Bygland</p> <p>Publisert: 21.03.2025</p> <p>Søknadsfrist: 13.04.2025</p>
	<p>Bygland Kommune</p> <h3>Prosjekt/kommuneingeniør</h3> <p>Prosjektingeniør - Stabseining samfunnsutvikling, Bygland Kommune</p> <p>Fast</p> <p>Webcruiter-ID: 4929024849</p>	<p>Bygland</p> <p>Publisert: 26.02.2025</p> <p>Søknadsfrist: 06.04.2025</p>
	<p>Bygland Kommune</p> <h3>Ferie-/sommarvikarar helse og omsorg 2025</h3> <p>Sykepleiere, Helsefagarbeidere - Helse og omsorg, Bygland Kommune</p> <p>Sommerjobb</p> <p>Webcruiter-ID: 4916528611</p>	<p>Bygland</p> <p>Publisert: 04.02.2025</p> <p>Søknadsfrist: Snarest</p>

Stillingsutlysingar finn du på Bygland kommune si heimeside, bygland.kommune.no
Vi brukar digitale rekrutteringstenester, mest Webcruiter. Du kan kun søke stilling digitalt.



LEDIGE STILLINGAR I BYGLAND KOMMUNE



KOMMUNEDIREKTØR - BYGLAND KOMMUNE

Kommunedirektør i Bygland søker ein dyktig kommunedirektør som vil utvikle kommunen vidare. Ein engasjert leiar som vil stå på for at Bygland skal vere ein god stad å leve, arbeide og bu for unge og eldre. I Bygland er vi opptekne av å gjere det attraktivt for unge i etableringsfasen. Vi har fokus på framtidens næringsliv, framtidens innbyggjarar, samt å synleggjere moglegheitane.

- **Frist: 27.04.2025; Ansettelsesform: Fast**
- **Skagerak Consulting AS**, Anne Hilde Hals, tlf. 98 21 30 05; Øyvind Drangsland, tlf. 91 83 28 91

Les heile annonsen på FINN.no; FINN-Kode: 399783957



POLITISKE MØTE - APRIL 2025



- **Rådet for eldre og funksjonsnedsettingar:** 07.04. kl. 12.00
- **Bygland Ungdomsråd:** 07.04. kl. 18.00
- **Plan-, miljø- og ressursutvalet:** 08.04. kl. 09.00
- **Levekårsutvalet:** 09.04. kl. 09.00
- **Formannskapsmøte:** 10.04. kl. 09.00
- **Administrasjonsutvalet:** 10.04. kl. 09.00
- **Kommunestyremøte:** 23.04. kl. 09.00

Livestreaming av og lydfiler frå kommunestyremøte

Vi ønskjer å vere ein open og transparent kommune. Som eit ledd i dette, blir kommunestyremøta streama direkte. Du kan og finne opptak frå tidlegare møte under **Politikk og innsyn** på heimesida vår.

KOMMUNETENESTER



TURISTINFORMASJON I BYGLAND UT PÅ ANBOD

Bygland kommune legg no turistinformasjonstenesta ut på anbod.

Anbodet gjeld sommarsesongane i 2025 og 2026, med opsjon på 2027.

Frist for innsending av tilbud er 11. april kl. 12:00.

Stoga har hatt ansvaret for drifta av turistinformasjonen i nyare tid, og no er det altså snakk om drift av turistinformasjonen for 2025 og 2026, med opsjon på 2027.

Leverandørar som er interesserte i å legge inn tilbud, må lese konkurransegrunnlag på kommunen si heimeside og fyller ut mal for innsending av tilbud.

Dei som har spørsmål kan ta kontakt med Knut Olav Forgard per e-post, seinast innan

10. april klokka 12:00: kof@bygland.kommune.no

SETESDAL BARNEVERN

Fosterheimsveka 2025 er 1.- 8. april

Frå 1.- 8. april er det Fosterheimsveka 2025 landet rundt. Målet for markeringa er å rekruttere fleire både som fosterforeldre, støttefamiliar og besøksheimar.

Og behovet er enormt. Leiar i Setesdal barnevern, Hedda Helene Schaanning, streker under at det også i Setesdal er eit udekket behov.

– Me håpar jo at fosterheimsveka skal bli ein liten vekkar for folk som kanskje kan gjere ein innsats, men som ikkje har tenkt på det før. Behovet er stort, og me er ute etter ulike familiar og einskildpersonar som ynskjer å gjere en skilnad for born og unge og som kan gje god omsorg og kjærleik, seier ho.

Krafttak

Alle born har rett på ein trygg barndom prega av omsorg. Så er det diverre ikkje alle born som har det slik. Fosterheimsveka er difor eit krafttak for å rekruttere fleire fosterheimar.

– Akkurat som born er ulike, treng me også ulike variantar av fosterheimar. Mange som blir fosterheim har tenkt på det i mange år, andre går meir rett på. I løpet av fosterheimsveka blir det skipa til ulike arrangement og møter, også digitalt, som kan vere til hjelp for dei som vurderer å gjere ein innsats, seier Schaanning.

Helst i nærmiljøet

Når eit born treng ein ny stad å bu, er det i nærmiljøet ein først leiter. Poenget er at jo mindre oppbrot ei omplassering fører med seg, jo betre er det.

– Å måtte flytte kan jo vere dramatisk nok i seg sjølv. Skal ein i tillegg flytte bort frå skule, vener, fotballag og anna, blir det ei stor ekstrabelastning. Tryggleik og stabilitet er avgjerande. Difor håpar me no at mange som vil vite meir om å vere fosterheim, støttefamilie eller besøksheim tar kontakt, seier Hedda Helene Schaanning i Setesdal barnevern.

Setesdal barnevern når ein via Valle kommune på tlf. 379 37 500.

Tekst: Ole Birger Lien, kommunane Valle og Bykle.



SETESDAL REGIONRÅD

Bygningsvern og tradisjonshandverk – Fagskolen i Agder med nytt studietilbod

Utdanninga er nettbasert, på deltid over eitt år, og skal gi kompetanse innan byggeskikkar og tradisjonshandverk ved bevaring, rehabilitering og ombygging av eldre og verna bygg. Denne kompetansen er viktig for å ta vare på vår felles kulturarv, samstundes som ho legg til rette for ombruk og gjenbruk av verna bygningsmasse.

- Utdanninga er gratis
- Oppstart hausten 2025
- **Søknadsfrist:** 15. april

For meir informasjon: setesdal.no





NYTT FRÅ EININGANE

ØKONOMI

Endring i faktureringsrutinar

Frå og med april 2025 vil kommunale gebyr bli fakturert månadleg i staden for kvartalsvis/årleg.

Det blir ingen endringar for dei som allereie har månadleg fakturering.

Dersom ein ikkje ønskjer månadleg faktura vil årleg faktura framleis vera eit alternativ. Ein kan då sende ein e-post til: post@bygland.kommune.no så vil dette bli endra.

Totalt årleg beløp under kr. 3000,- inkl. mva vil automatisk bli fakturert årleg.



PLEIE OG OMSORG / HELSE

Byglandsheimen - program april 2025

Ansvarleg: Kenneth Fyhn, Trivselskoordinator, tlf. 90 22 55 03

Dag	Dato	Klokke	Aktivitet
Onsdag	2/4	-	Ikke åpen dag pga kurs
Torsdag	3/4	14.00	Besøksvenn, Stoldans og gamle ord og uttrykk
Fredag	4/4	14.00	KVS Lokalhistorie
Tirsdag	8/4	14.00	Andakt med Kjell Steinbru
Onsdag	9/4	11.00	Åpen dag, Svein Kleivane kommer og underholder
Tirsdag	22/4	14.00	Andakt med Tove Tveitå
Onsdag	23/4	11.00	Åpen dag, Evelyns Magasin klesbutikk kommer, Åpent for alle
Mandag	28/4	09.00	Fotpleier kommer
Onsdag	30/4	11.00	Åpen dag



Fagdag om temaet "Vald eller truslar"

Vennesla kommune arrangerer fagdag den 7. april om vald og truslar blant vaksne.

Arrangementet er for både fagfolk og innbyggjarar frå både Vennesla og nabokommunane. Dato for fagdagen: 07.04. kl. 10:00 - 15:15. Alt er gratis. Det blir servert ein enkel lunsj. Stad: Vennesla kirke, Venneslavegen 282A, 4700 Vennesla

Fagdagen blir arrangert saman med Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) og Regionalt ressurscenter om vald, traumatisk stress og sjølv mordførebbygging (RVTS Sør). Både innbyggjarar, folk i frivillige organisasjonar og fagfolk er hjarteleg velkomne. Dei håper på god deltaking frå nabokommunane Iveland, Evje og Hornnes, Åseral og Bygland. Dette er eit fint høve til å lære meir om eit svært viktig arbeid.

For meir informasjon og påmelding sjå: vennesla.kommune.no.





NYTT FRÅ EININGANE

»»» SAMFUNN

Bandtvang for hundar 1. april til 20. august

Tysdag 1. april trer den landsdekkjande bandtvangen i kraft.

Vedtak av kommuneplanen sin samfunnsdel

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2025-2036 blei vedteken av kommunestyret 13. mars 2025.

Kommuneplanen sin arealdel på 2. gongs høyring

Kommunestyret har vedtatt å sende planforslag til kommuneplanen sin arealdel på 2. gongs høyring og offentleg ettersyn.

Ein finn alle dokumenter på kommunen si heimeside.



»»» PLEIE OG OMSORG / HELSE

Byglandsheimen - program april 2025

Ansvarleg: Kenneth Fyhn, Trivselskoordinator, tlf. 90 22 55 03



Dag	Dato	Klokke	Aktivitet
Onsdag	2/4	-	Ikke åpen dag pga kurs
Torsdag	3/4	14.00	Besøksvenn, Stoldans og gamle ord og uttrykk
Fredag	4/4	14.00	KVS Lokalhistorie
Tirsdag	8/4	14.00	Andakt med Kjell Steinbru
Onsdag	9/4	11.00	Åpen dag, Svein Kleivane kommer og underholder
Tirsdag	22/4	14.00	Andakt med Tove Tveitå
Onsdag	23/4	11.00	Åpen dag, Evelyns Magasin klesbutikk kommer, Åpent for alle
Mandag	28/4	09.00	Fotpleier kommer
Onsdag	30/4	11.00	Åpen dag

Fagdag om temaet "Vald eller truslar"

Vennesla kommune arrangerer fagdag den 7. april om vald og truslar blant vaksne.

Arrangementet er for både fagfolk og innbyggjarar frå både Vennesla og nabokommunane. Dato for fagdagen: 07.04. kl. 10:00 - 15:15. Alt er gratis. Det blir servert ein enkel lunsj. Stad: Vennesla kirke, Venneslavegen 282A, 4700 Vennesla

Fagdagen blir arrangert saman med Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) og Regionalt ressurscenter om vald, traumatisk stress og sjølv mordførebygging (RVTS Sør). Både innbyggjarar, folk i frivillige organisasjonar og fagfolk er hjarteleg velkomne. Dei håper på god deltaking frå nabokommunane Iveland, Evje og Hornnes, Åseral og Bygland. Dette er eit fint høve til å lære meir om eit svært viktig arbeid.

For meir informasjon og påmelding sjå: vennesla.kommune.no.





»»» KULTUR OG LEVEKÅR

PRESENTASJON AV NYE BØKER

Den 12.03. og 19.03. var det presentasjon av nye bøker på Bygland og Byglandsfjord bibliotek. Solveig Eiken frå bokhandelen på Evje hadde tatt med seg kassevis med nye og spanande bøker som ho presenterte. Her var det både norske og utenlandske krimbøker, for svært mange av oss likar å lese krim - kanskje særleg når det nærmar seg påsketider. Det var romanar og hagebøker, kokebøker og strikkebøker. Likar du å utforske litt og ta avstikkarar når du er på kjøretur, så var det bøker for det og.

Det var to svært hyggelege kveldar der folk fekk handle bøker og prate litt. Vaflar og kaffe vart det og tid til. På den tida som Setesdalsbanen gjekk, kosta det 20 øre for ein kopp kaffi i restauranten på stasjonen. Denne kvelden var det endå billigare. 😊

Bilete: Ann Cecilie Andersen

OPPDATERING DYTT 26.03.2025: SNART PÅ HEIMVEG

Å gå frå pol til pol har vore litt tyngre enn å gå rundt jorda, MEN folk går og går og vi har snart passert Nordpolen. Då er det bare heimreisa att! Hadde vi gått åleine ville vi brukt omtrent 9 år og 2 månader på å gå jorda rundt. Vi har snart gått jorda rundt og på langs på 2 månader- det er sprekt!

Denne vekas belønning er trekt ut heilt tilfeldig, gjennom **dytt.no**. Den går til Marie Bue som er med på laget til Bygland pleie og omsorg. Gratulerer! Ei lita påskjønning dukkar plutsleg opp.

Laget til Pleie og Omsorg har klart å få med seg mange, og det fortener dei skryt for!

Dytt kvarandre vidare, vi er snart på veg heim.



SETESDALSMUSEET

Påskedag på Setesdalsmuseet, Rysstad

Tysdag 15. april kl. 12.00–15.00

Velkommen til ein koseleg familiedag på Setesdalsmuseet! Me inviterer små og store til ein vårleg dag med trivelege aktivitetar for heile familien:

- Lage påskekransar
- Påskerebus for born
- Vaflar og god stemning

Fri inngong på museet for alle denne dagen!

Kranselaging er gratis for born, og kostar 150 kr for vaksne.





BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL OG BUA BYGLAND



Bygland frivilligsentral og BUA Bygland

Besøksadresse: Prestneset 2, 4745 Bygland

Postadresse: Sentrum 18, 4745 Bygland

e-post: post@bygland.frivilligsentral.no; bygland.frivilligsentral.no

Leiar: Anne Fauske, tlf. 94 51 07 70

Foreningsportalen: bygland.foreningsportal.no



Opne aktivitetar

- BUA Bygland (utstyrssentralen), bua.io, tlf. 94 50 28 58
- Utkøyring av middag to gonger i veka

Aktivitetar på Frivilligsentralen på Bygland

- Måndagskafé: måndagar i oddetallsveker kl. 12 -14 (07.04. Gyro Heia/ByggBygland)
- Bygdemiddag: tysdagar i oddetallsveker, kl. 16 – 17.30 (bestill MÅN innan kl. 12)
 - 08.04: Lapskaus, Tone G., tlf. 99490912
- Bingo: tysdagar i partallsveker, kl. 18 – 20 (01., 15. + 29.04.)
- Strikkekafé: til vanleg 1.+3. torsdag/månad kl. 18 – 20 (**Endra i april: 10. og 24.04.**)
- Kreativ verkstad: for 5.-7. kl. onsdagar kl. 15 - 17

Aktivitetar i Byglandshallen

- Styrketrening: kvar torsdag kl. 13 – 14.30 (ikkje i veke 14!)
- Teppebowls: torsdagar i oddetallsveker kl. 16.30 – 18.30; (10. + 24.04.)

Aktivitetar andre plasser

- Seniorsenter: annakvar måndag, kl. 11 – 14 – Pakkbua på stasjonsområdet, Byglandsfjord (14. + 28.04.)
- Bygland Mekkeklubb: måndagar kl. 17.30, Nesmoen 3, Bygland

BYGLAND UNGDOMSKLUBB

Klubbleiar: Kim Andre Nomeland Thorstensen, tlf. 984 69 989

Bygland ungdomsklubb, Sentrum 24, 4745 Bygland

- mån: 18-21, alle trinn (Klubblokale på Bygland)
- tors: 18-21, 8. kl.-VGS (Klubblokale på Bygland)

Fredagsklubb i Årdalshallen: 11.04. kl. 18-21, 5.-7. klasse

Laurdagsklubb, Bygland: 12.04. kl. 19-23, 8 kl.-3. VGS, Sebastian

Følg med på Bygland ungdomsklubb si Facebook-gruppa for arrangement.

Med etterhald om endringar, v/ Husstyret og klubbleiar





BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL OG BUA BYGLAND



Sommerjobb i BUA for ungdom!!! Løp og søk!

Sjekk dette!! Er du frå 16-22 og kunne tenkje deg ein aktiv, og morosam sommarjobb?

Tidenes beste sommerjobb vert no lyst ut!! Skynd deg og søke! Les meir under :

<https://candidate.webcruiter.com/nb-NO/Home/companyadverts...> Søknadsfrist 13.04.2025

BUA bygland og Frivilligsentralen øyser i år ut sommerjobb for ungdom.

Arbeidsoppgåver vil vere å bemanne BUA, og å arrangere fritidsaktivitetar for born og unge som har sommarferie.

Høres ikkje det gøy ut??

Du kan søke via Bygland kommune si heimeside under ledige stillingar (Webcruiter-ID: 494215874)

Søknadsfrist: 13.04.2025



FRILUFTSLIVETS ÅR - APRIL

NÆRTUR TIL DAGSTURHYTTA TYSDAG 22.04.

For alle innbyggjarar i Bygland kommune. Informasjon følger på Bygland frivilligsentralen si heime- og FB-sida

HEIEKINO I PÅSKA LAURDAG 19.04.



Ansvarleg: Eivind Dalseg. Program:

- kl. 19.00 og utover – Moglegheit for grilling og sosialt samver.
- Ca. kl.22.00 –Framsyning av komedien **Step Brothers** frå 2008.

Alle må ta med seg noko å site på (anbefalar stol) og varme klede. Det vert servering av popcorn og ymse «småtteri.» Me tek førehald om greit vêr.

Arrangementet vert 200m innom vinterparkeringa på Tangen.

Køyr til Jordalsbø, og sving deretter av i 2. vegkrysset til høgre etter brua. Merk at dette er bomveg, vippsnrstår ved postkassestativet i Jordalsbø der dusvingar av. Når dukjem til Tangen køyrer du rett fram og parkerar på den store plassen ved garasjentil tråkkemaskina. Deretter er det ca 200m å gå innover heievegen.





BYGLAND OG ÅRDAL SOKN

Bygland Kyrkjelege Fellesråd
Sentrum 18, 4745 Bygland
bygland.kyrkje.no og på **Facebook**

Kontakt

- Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472
- Kyrkjeverje: Olav Nilsen: 982 99 711
- Prostidiakon: Åse Gudrun Thortveit: 91685159



GUDSTENESTER

- **Palmesundag, 13.04. kl. 12.00, Sandnes kyrkje, Åraksbø eller tunet ved Åraksbø grendehus**

Friluftsgudsteneste ved Hovatnet blir sannsynleg flytta ned til Åraksbø grunna vêret.



OVERSIKT GUDSTENESTER I BYGLAND OG ÅRDAL SOKN - PÅSKE 2025

- **Skærtorsdagsgudsteneste**, torsdag 17.04. kl. 11.00, Årdal kyrkje, Grendi
- **Langfredagsgudsteneste**, fredag 18.04. kl. 16.00 Sandnes kyrkje, Åraksbø
- **Høgtidsgudsteneste**, søndag 20.04. kl. 16.00, Bygland kyrkje, Bygland



ANDAKT PÅ BYGLANDSHEIMEN

- **tysdag, 08. og 22.04. kl. 14.00**

KONFIRMANTUNDERVISNING

- **måndag 07.04. kl. 14.30**, Vonheim bedehus, Bygland
- **07.04.** om ettermiddagen: Aksjonsdag på Bygland for Fasteaksjonen 2025

KVELDSMØTE

- **torsdag 03.04. kl 19.00** på Vonheim bedehus: møte ved Gunnar Jeppestøl
- **torsdag 24.04. kl 19.00** på Vonheim bedehus: møte ved Imf/Ragnar Ringvoll.

PROSTIDIAKONI I ØVRE OTREDAL

INSPIRASJONSSAMLING I KYRKJESTOVA I VALLE

Fredag 21. mars var det dukka for Inspirasjonskveld i Valle Kyrkjestoge! Tema for kvelden var «Kva gjev livsglede», og arrangør var styret i Prostidiakoni-samarbeidet i Øvre Otredal. Musikk ved Maija Lindaas, Reidar Skaaland og Espen Egeland. **Takk til alle som kom!**





BYGLAND OG ÅRDAL SOKN

FASTEAKSJONEN 2025 - HÅP I EIN DROPE VATN

Aksjonsdagane over heile landet i år er 06.-08. april 2025. Bygland har eigen aksjonsdag måndag 07. april. Informasjon om innsamlingsaksjonen på Bygland følgjer på kyrkja si heimesida, på Facebook og i Setesdølen i veke 14.



Nesten 800 millionar menneske lever utan tilgang til reint vatn i verda i dag, på grunn av tørke, flaum, jordskjelv eller krig, men det er håp. Kirkens Nødhjelp arbeider både med akutt bistand i katastrofesituasjonar og langsiktige prosjekt for å redusere nød og fattigdom. Me jobbar for fred, rettferd, og for å redde liv.

Krigen i Gaza og Ukraina har prega nyheitsbiletet lenge. Samtidig går det føre seg ei rekkje store humanitære kriser som me knapt høyrer om, som krigen i Sudan. På toppen av dette ser me no dramatiske kutt i bistanden til verdas fattige frå den største bidragsytaren av alle, USA.

Det er lett å bli motlaus. Men det er nettopp i desse dagar me må samle alle gode krefter og gjere kva me kan for dei mest sårbare. Gjennom fasteaksjonen samlar me inn pengar til det livsviktige arbeidet som gjer det mogleg for Kirkens Nødhjelp å vere til stades for millionar av menneske som treng det mest.

Kirkens Nødhjelp sine nasjonale innsamlings konti:

- Vipps: 2426
- SMS: VANN til 2426 (300kr)
- Fasteaksjonskonto: 1594 22 87493

Bygland har eigen aksjonsdag måndag 07. april. I år skal me ikkje gå rundt med bøssene i Bygland. I staden satsar me på opplegg i regi av konfirmantene på aksjonsdagen. Programmet blir annosert i Setesdølen og på kyrkja si heime- og Facebook-side. Gåver kan sendast til **VIPPS nr. 545689**. Vi sender pengane vidare til Kirkens Nødhjelp.



Her er nokre av konfirmantane klare til innsats. Frå venstre: Tage Alexander Kjetså, Asne Moe, Jenny Feed Lunden, Ellinor Langhelle Asen og Emilian Dale Eklund.



»»» TØMEKALENDER FOR BYGLAND KOMMUNE

SØPPELTØMING - APRIL 2025

- **Matavfall og restavfall:** veke 14: torsdag 03.04.
- **Papir og plast:** veke 16: tysdag 15.04.
- **Matavfall og glass/metall:** veke 15: fredag 11.04.



GJENVINNINGSTASJONER

- **Nesmoen, Bygland:** kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00 – 18.00 (09.04.) og 4. laurdag i måneden kl. 10.00-13.00 (26.04.)
- **Syrtveit, Evje:** Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00- 14.30, torsdag kl. 08.00-19.00 og 2. laurdag i måneden kl. 10.00-13.00 (12.04.)

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS. e-post: post@smg-iks.no; heimeside: www.smg-iks.no, tlf.: 901 94 724

REDAKSJONSNOTAT BYGLANDSNYTT NR. 68

REDAKSJON

- Ansvarleg redaktør: Aslak Jørundland Brekke
- Redaktør: Susanne Hegenscheidt

BILETE

- Framside: Byglandsfjord stasjonsområde/Oleh Moskalov
- Redaksjonsnotat: Påskekurv / pixabay.com
- Innhald (m.m. anna er spesifisert): A. Fauske, pixabay.com, S. Hegenscheidt, Olav Grendstad, Nina Bygland
- Kva skjer: Vårhelsing / Oleh Moskalov



Byglandsnytt mai 2025: 05.05.2025, skrivefrist 29.04.

Send tips til post@bygland.kommune.no - merknad: Byglandsnytt

Arkiv: bygland.kommune.no/byglandsnytt

PÅSKEVEKA PÅ OPPVEKSTSENTERA I BYGLAND

I veke 16, 14.-20.04. og 21.04. er det påskeferie på Bygland og Byglandsfjord skule. Ope i begge barnehagar som vanleg i påska. Onsdag ope til kl. 12.00 begge plassar.

Vi ønskjer alle barn og familier GOD PÅSKE!





YMSE

>>> MUSIKK

KONG HANES EFTF.

Blanda kor på Bygland. Øving onsdagar kl. 19.30 - 21.30; musikkrom på Bygland skule



BYGLANDSFJORD BARNEKOR

Øving måndagar i oddetalsvekane kl. 17.00 - 18.00; Fredheim bedehus, Byglandsfjord

BYGLAND LEIKARRING

Øving måndagar kl. 16.30 - 17.15; Bygland kulturscene

Leikarring med **Maija Lindaas frå UNESCO Setesdal.**

BYGLAND HORNMUSIKK

Noregs lengste korps! Øving tysdagar kl. 18.00 - 20.30; Bygland kulturscene

KINO PÅ BYGLAND - APRIL



>>> BYGDEKINOEN PÅ BYGLAND KULTURSCENE

Kiosk: Framsteg 4H

ONSDAG 23. APRIL

KL. 17.30: A MINECRAFT MOVIE

9 år. 110 kr. Barnefilm

KL. 19.30: HANS NIELSEN

HAUGE - MANNEN SOM

ENDRET NORGE

Tillatt for alle. 130 kr. Dokumentar

>>> BYGLAND FILMKLUBB



Bygdekinoen

<p>17:30 A Minecraft Movie 9 år • 110 Kr 1t 40m</p>	<p>19:30 Hans Nielsen Hauge - Mannen som endret Norge. Tillatt for alle • 130 Kr Dokumentar 1t 6m</p>
---	---

Onsdag 23.04
Bygland Kulturscene

Bygdekinoen.no – Et tilbud fra Film & Kino
Kjøp billett på nett!

BYGLAND FILMKLUBB

SUNDAG 27.04 KL. 19:00

DEN SISTE REVEJAKTA (2008)

Aldersgrense: 15 år

Mørk komedie med Kristoffer Joner og Nicolai Cleve Broch



YMSE

➤➤➤ ÅRSMØTE OG FOREDRAG

Bygland mållag - årsmøte 2025Tid: **Måndag 25. april 2025, kl. 19:00**

Stad: Bjoren Brygge, Bygland

Enkel servering

**Margit Dale: Naturleg – om berekraft og det gamle matstellet.**Tid: **torsdag 3. april 2025, kl. 18:00**

Gamle norske mattradisjonar vert stadig meir aktuelle. Dei er nemleg både velsmakande og berekraftige. I dette foredraget formidlar Margit Dale gjennom tale, bilde og film om matstellet ho vaks opp med. Ho set den gamle matkunnskapen i ein samtidig kontekst og fortel om kvifor han er meir viktig enn nokon gong.

Arrangør: **Bygland bygdekvinnelag**

➤➤➤ STOGA OG BYGLAND TURISTKONTOR

STOGA kulturkafe og BYGLAND TURISTKONTOR

Presteneset 10, 4745 Bygland, tlf. 907 81 105;

på FB: facebook.com/StogaAS

- kvar fredag og sundag kl. 13:00 - 20:00

På turistkontoret får du

- kart over Bygland og turar, info om bomvegar
- fiske og fiskekort i Bygland (sjå også s. xx)
- kaffi, vaflar, toast, is, avisar og Setesdal-bøker



➤➤➤ BJOREN BRYGGE

BJOREN BRYGGE
i April

LAUR 5. PRIVAT ARR.
LAUR 12. BRYGGEQUIZ KL 19-01
LAUR 19. PRIVAT ARR.
SUN 20. LAZY SUNDAY AFTERNOON
FRE 25. MUZIKK BINGO

Om godværet slår til, er det stor fare for solskinnsåpent..

HUSK; middag på TORS DAGER!
Ved bestilling: Sms 93262168



**Kafé, ølhage, live musikk
rett ved Byglandsfjorden!**

Adresse: Presteneset 12,
4745 Bygland

Kontakt: Nina Bygland,
tlf. 932 62 168;

på FB: bjorenbrygge

**BJOREN
BRYGGE**

Menyen i April

Tors 3. Flesk & duppe
Tors 10. Kremet Soppsuppe
Tors 17. Røyka svinekam
Tors 24. Kjøttkaker

Husk å tinge, på SMS eller ringe ;
Nina 93262168



KVA SKJER I BYGLAND APRIL 2025

(MED ATTERHALD OM ENDRINGAR)

GOD PÅSKE! 



Vårhelsing - Foto: Oleh Moskalov

DATO	ARRANGØR OG STAD	TID	KVA SKJER
torsdag 03.04.	Bygland bygdekvinneleg; Bygland kulturscene	kl. 18	Foredrag v/ Margit Dale: Naturleg – om berekraft og det gamle matstellet
tysdag 08. og 22.04.	Byglandsheimen	kl. 14	Andakt
tysdag 08.04.	Bygland frivilligsentral (Påmelding: Tone G., tlf. 99490912, innan 07.04. kl. 12)	kl. 16 - 17.30	Bygdemiddag: Lapskaus
sundag 13.04.	Stad for Palmesundagsgudstenesta vert annonsert på Facebook	kl. 12	(Friluft)Gudsteneste
torsdag 17.04.	Årdal kyrkje, Grendi	kl. 11	Skjærtorsdagsgudteneste
laurdag 19.04.	Heiekino ved Tangen, Jordalsbø	kl. 19	Film Step Brothers (s. 10)
fredag 18.04.	Sandens kyrkje, Åraksbø	kl. 16	Langfredagsgudsteneste
sundag 20.04.	Bygland kyrkje	kl. 16	Høgtidsgudsteneste
onsdag 23.04.	Bygdekinoen, Bygland kulturscene	kl. 17.30	Film 1: A Minecraft Movie (9år)
onsdag 23.04.	Bygdekinoen, Bygland kulturscene	kl. 19.30	Film 2: Hans Nielsen Hauge
sundag 27.04	Bygland filmklubb, Bygland kulturscene	kl. 19	Film: Den Siste Revejakta (15 år)

**FAMILIEBADING OG BADSTOGA - TYSDAGAR OG FREDAGAR (UT APRIL)
KL. 17-20, SYMJEHALLEN PÅ BYGLAND SKULE - SISTE DAG FOR
SESONGEN 11.04. - BADINGA OPPNAR ATT ETTER HAUSTFERIEN.**

